

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Telefon

MØTETIDSPUNKT: 15.04. 2020, KL. 1300 – 1500

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Ingeborg Morken	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Forfall

Det var ingen forfall til møtet.

Deltakarar frå administrasjonen

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

Deltakar frå revisjonen

Revisor Ellen Marvik

Sak 049/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Sak 058/12 Innstilling til val av revisor var off. jf. Offl § 23.1. og

saka blei behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a andre ledd nr. 4.

Forfall:

Det var ingen forfall til styremøtet.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 050/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 11.03. 2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF

11.03.2020. Protokollen blir sendt rundt til styret for signatur.

Sak 051/20 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Koronaviruset – status i Helse Vest

Det har vore ei god utvikling på Vestlandet.

Føretaka vil gradvis ta opp igjen elektiv aktivitet over påske.

Koronasituasjonen vil vare over tid og det stiller store krav til helsesektoren i lang tid framover.

Helse Vest har utvikla ein prediksjonsmodell med avansert maskinlæring og algoritmer. Den har treft godt frå den blei tatt i bruk. Det er den situasjonen modellen har vist som no er situasjonen for føretaksgruppa Helse Vest.

Det er venta at det kan ligge betydelege utfordringar i tida framover. Sommaren og hausten kan bli krevjande og god førebuing må halde fram.

Vi held oss til nasjonale vedtak og retningslinjer.

Helse Vest etablerer i fellesskap med helseføretaka også regionale retningslinjer på ein rekke område.

Det er etablert ein regional smittevern gruppe som diskuterer og gir regionale tilrådingar. Rettleiarar frå Folkehelseinstituttet, (FHI), ligg til grunn.

Felles rapportering og etablering av analyser og dagleg oppdatering av viktige tema er tilgjengeleg for heile føretaksgruppa.

Det er etablert faste møte med Fylkeslegane og samhandling med kommunehelsetenesta blir samordna.

Helseføretaka har etablert og gjennomgått sine pandemiplaner

Det er eit godt samarbeid mellom helseføretaka for læring og utveksling. Gode rutinar blir delt mellom helseføretaka.

Beredskapsleiinga i sjukehusa har sett i verk omfattande opplæring av medarbeidarar og leiarar.

6. Logistikk og forsyning knytt til Koronaberedskap

I samband med COVID-19 pandemien har Helse Vest etablert ei løysing for felles innkjøp og forsyning av varer som det er særskilt viktig å ha tilgang på.

Løysinga har fire element:

1. felles innkjøp av smittevernutstyr i regionen
2. fordeling og distribusjon av felles innkjøpt smittevernutstyr
3. fordeling og distribusjon av nasjonalt anskaffa forsyningar,
4. fordeling og distribusjon av forsyning av nasjonalt anskaffa smittevernutstyr til kommunar.

7. Oppfølging av krav og oppdrag i oppdragsdokument og føretaksprotokoll

I alle helseføretaka har det i fleire veker vore gjennomført omfattande førebuingar for å handtere ein stor spreiding av koronavirus i befolkninga med påfølgjande forventa auke i innlegging av pasientar med covid-19 i helseføretaka. Helseføretaka har også førebudd seg på å handtere mange pasientar som har behov for intensivbehandling. Dette medfører at helseføretaka i avgrensa grad vil ha kapasitet til å levere på fleire av oppdraga og styringskrava for 2020.

Dei regionale helseføretaka har på denne bakgrunn, i brev av 13. mars 2020 til Helse- og omsorgsdepartementet, gjort merksam på at ein ikkje vil nå fleire av måla i oppdraget for 2020.

Til dømes vil det bli vanskeleg å levere på styringskrava knytt til ventetider, fristbrot, forløpstider og prioritering av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. I tillegg vil ei rekkje av dei utgreiingsoppdraga som er gitt kunne bli forseinka eller stilt i bero. Dette gjeld også oppdrag knytt til oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan.

Helse Vest har formidla til helseføretaka at vi vil kome tilbake til ei vurdering av kva for mål og oppdrag i styringsdokumentet for 2020 som helseføretaka skal prioritere under krisa. Dette vil også få innverknad på korleis halvårleg rapportering på krav i oppdragsdokument og føretaksprotokoll skal gjennomførast.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 052/20 Rapportering frå verksemda per februar 2020

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status Februar 2020	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	2,4% [!]	2,9% [!]	5% [!]	1,7% [•]	0,5% [•]
Gj.snitt ventetid, behandla SOMi	60	53	60 [!]	58 [•]	60 [•]	62 [!]	62 [!]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	40	35	35 [✓]	39 [•]	44 [!]	27 [✓]	38 [•]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	45	40	40 [✓]	45 [•]	45 [•]	38 [✓]	28 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	35	30	41 [!]	24 [✓]	28 [✓]	19 [✓]	28 [✓]

Status Februar 2020	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Korridorpatienter (SOM)	0%	0%	1,3% [•]	1,6% [•]	3,4% [!]	0,6% [•]	0,4% [•]
Epikristid SOM	100 %	100 %	88,6% [•]	86,8% [•]	83,7% [•]	89,6% [•]	93,7% [•]
Epikristid PH	100 %	100 %	87,3% [•]	79,4% [!]	88,5% [•]	92,6% [•]	91,7% [•]
Sykefravær	5,5%	5,5%	8,1% [!]	8,06% [!]	8,1% [!]	8,6% [!]	7,2% [!]

Tabellen viser status av målkrava denne perioden

I februar snudde dei fleste helsefaglege indikatorane rett veg, etter å ha nådd eit høgt nivå i januar. Det er venta at effektane av korona-utbrotet vil slå inn på dei helsefaglege indikatorane (ventetid, fristbrot og aktivitet) frå og med mars grunna redusert elektiv aktivitet. Dei samla gjennomsnittlege ventetidene var tre dagar lågare enn i januar, og var på 59 dagar i gjennomsnitt for alle fagområde. Den gjennomsnittlege ventetida gjekk ned både innan somatikken, psykisk helsevern for vaksne og psykisk helsevern for barn og unge, men gjekk opp innan TSB hjå private tilbydarar. I februar 2020 låg den gjennomsnittlege ventetida over den regionale målsettinga for somatikk og TSB, og på målsettinga for BUP og PHV. Prosentdelen fristbrot for dei som starta behandling i februar sank frå 3,6 % til 2,4 % samla for HF-a, medan prosentdelen fristbrot for dei som framleis ventar var om lag uendra (1,0 %). Prosentdelen korridorpatientar innan somatikken som har halde seg stabil kring 1,6 – 1,7 % gjennom heile 2019, sank til 1,3 % i februar 2020.

Ventetider

Ventetidsutviklinga syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenesteområde var på 59 dagar i februar. I oppdragsdokumentet er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021. Samla resultata på ventetid for februar 2020 er 1 dag lågare enn i februar 2019, men for høgt relatert til den regionale målsettinga.

Innan BUP og PHV er den gjennomsnittlege venteida 2 dagar og 1 dag lågare i februar 2020, enn kva den var i februar 2019.

Fristbrot

Talet på fristbrot for dei som starta behandling har samla gått ned frå 4,9 % i august 2019 til 2,4 % i februar 2020.

Korridorpasientar

Prosentdelen korridorpasientar har samla sett halde seg kring 1,6 – 1,7 % gjennom heile 2019. Frå januar til februar 2020 sank prosentdelen pasientar på korridor markant i alle dei fire helseføretaka, og var på 1,3 % samla. Av helseføretaka er det framleis Helse Fonna som har den høgaste prosentdelen korridorpasientar i regionen, med 3,4 % i februar.

Epikriser

Utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju virkedagar etter utskriving har vore rimeleg flat over fleire år for alle dei fire helseføretaka. Den samla epikrisetida har stort sett variert mellom 85 % og 90 % innan somatikken og psykisk helsevern. Helse Førde og derneist Helse Bergen er dei to føretaka som ligg nærmast den nasjonale målsettinga om 100 % utsendt epikrise innan sju dagar innan somatikken, medan Helse Stavanger ligg lengst unna denne målsettinga innan psykisk helsevern.

For 2020 er det i oppdragsdokumentet kome eit endra krav på dette området. Kravet no er at minst 70 % av epikrisene er sendt ut 1 dag etter utskriving innan somatikk, PSV og TSB. Det blir arbeidd med å legge til rette for rapportering på dette.

Pakkeforløp kreft

For januar og februar viser oversikta ei måloppnåing på 65 % for Helse Vest samla. Dette er om lag på same nivå som i fjor på same tidspunkt (64 %) og er under målet om 70 %. Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF, Helse Førde HF, Haraldsplass diakonale sjukehus samt Haugesund sanitetsforenings revmatismesykehus har alle over 70 % måloppnåing hittil. Det er kun Helse Bergen HF som ligger under denne målsettinga med 55 % for årets to første månadar. Nasjonalt var måloppnåinga i same periode 65 prosent. Helse Sør-Øst RHF hadde i same periode 67 prosent måloppnåing, Helse Nord RHF 62 prosent samt Helse Midt- Norge RHF 60 prosent.

Til samanlikning blei 64 prosent av pasientane i Helse Vest behandla innan standard forløpstid dei to første månadane i 2019. Kreftformene som har høgast antal pasientar viser at brystkreft med hittil 144 tilfelle har ein måloppnåing på 50 prosent, prostatakreft med 137 tilfelle ei måloppnåing på 59 prosent samt tjukk- og endetarmskreft med 120 tilfelle 68 prosent.

Måloppnåing per pakkeforløp hittil*

	Helse Vest		Helse Stavanger		Helse Fonna		Helse Bergen		Helse Førde		Haraldsplass		Privat Vest HF		Tal forløp
	jan - feb 19	jan - feb 20	jan - feb 19	jan - feb 20	jan - feb 19	jan - feb 20	jan - feb 19	jan - feb 20	jan - feb 19	jan - feb 20	jan - feb 19	jan - feb 20	jan - feb 19	jan - feb 20	
Pakkeforløp januar - februar 2019 og 2020	19	20	19	20	19	20	19	20	19	20	19	20	19	20	2020
Akutt leukemi og høyrisiko myelodysplasi	57 %	83 %					57 %	83 %							6
Blærekreft	92 %	90 %	95 %	88 %	100 %	88 %	81 %	93 %	100 %	87 %	94 %	100 %			62
Brystkreft	45 %	50 %	61 %	62 %	53 %	75 %	29 %	31 %	75 %	83 %					144
Bukspyttkjertelkreft	85 %	54 %	75 %	57 %			100 %	50 %	0 %		100 %				13
Eggstokkreft (ovarial)	89 %	80 %	89 %	100 %	50 %	75 %	100 %	60 %	100 %	100 %	100 %				25
Føflekkreft	84 %	82 %	84 %	84 %	67 %	100 %	87 %	79 %	67 %	67 %			78 %	80 %	101
Galleveiskreft	75 %	67 %	0 %	50 %		0 %	80 %	100 %	100 %	100 %	100 %				6
Hjernerkeft	65 %	100 %	67 %	100 %			62 %	100 %			100 %				3
Hode- halskreft	39 %	65 %	10 %	70 %	33 %	75 %	59 %	58 %							26
Kreft hos barn	75 %	100 %		100 %			75 %	100 %							5
Kreft i spiserør og magesekk	53 %	76 %	67 %	100 %		50 %	42 %	89 %	100 %	67 %	100 %				21
Kronisk lymfatisk leukemi (KLL)	25 %	71 %					25 %	75 %		67 %					7
Livmorhalskreft (cervix)	23 %	50 %	50 %	25 %	0 %	100 %	25 %	57 %	0 %						12
Livmorkreft (endometrie)	39 %	55 %	63 %	83 %	57 %	100 %	19 %	38 %		50 %					22
Lungekreft	57 %	54 %	47 %	64 %	78 %	69 %	64 %	26 %	60 %	100 %	25 %	50 %			70
Lymfomer	67 %	52 %	33 %	43 %	100 %	100 %	75 %	56 %	0 %	50 %					21
Myelomatose	92 %	100 %	100 %		100 %		86 %	100 %	100 %	100 %					7
Neuroendokrine svulster	83 %	100 %	100 %	100 %	67 %		100 %								3
Nyrekreft	56 %	39 %	43 %	0 %	75 %	60 %	58 %	33 %	100 %	67 %	0 %	0 %			23
Peniskreft	67 %	50 %			0 %	0 %	100 %	100 %			100 %				2
Primær leverkreft (HCC)		0 %		0 %				0 %							3
Prostatakreft	66 %	59 %	57 %	60 %	20 %	33 %	77 %	62 %	52 %	43 %		100 %			137
Sarkom	75 %	75 %		50 %			75 %	83 %							8
Skjoldbruskkjertelkreft	33 %	67 %			0 %	100 %	50 %	50 %	0 %						3
Testikkelkreft	25 %	63 %	33 %	100 %		100 %	20 %	25 %							8
Tykk- og endetarmskreft	60 %	68 %	79 %	76 %	76 %	89 %	30 %	41 %	89 %	86 %	100 %	76 %			120
Tal pakkeforløp innan standard forløpstid	633	555	163	145	72	88	307	224	52	66	32	28	7	4	858
Totalt tal gjennomførte pakkeforløp	994	858	252	208	114	116	503	406	75	88	41	35	9	5	
Prosentdel forløp innan standard forløpstid	64 %	65 %	65 %	70 %	63 %	76 %	61 %	55 %	69 %	75 %	78 %	80 %	78 %	80 %	

*Merk: For einskilde spesielle kreftformer kan talet forløp være svært lågt per HF (1 – 3)

Helse Vest RHF vil vie utviklinga i pakkeforløpa for kreft større merksemd i verksemdrapporteringa til styret og oppfølgingsmøta med helseføretaka i tida framover.

Sjukefråvær

Per februar 2020 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 8,1 %. Det sjukemeldte fråværet for februar 2020 var på 6,6 %.

Frå februar 2019 til februar 2020 har både det samla sjukefråværet og sjukemeldt sjukefråvær gått opp med 0,09 % og 0,17 %.

Heiltid

8 744 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til mars 2020 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 6 028 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 716 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,67 %. Måltalet er på 89,30 %.

Økonomi og finans

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Februar			Hittil per februar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	5 847	8 333	-2 486	3 129	16 667	-13 538
Helse Fonna	-6 292	3 334	-9 626	-7 211	6 667	-13 878
Helse Bergen	9 194	7 452	1 742	8 791	20 000	-11 209
Helse Førde	2 716	2 167	549	3 351	4 333	-982
Sjukehusapoteka VEST	-1 530	-719	-811	407	435	-28
Helse Vest IKT	-3 728	-2 650	-1 078	-12 774	-9 133	-3 641
Helse Vest Morselskap	36 851	36 722	129	87 620	73 958	13 662
Til saman	43 058	54 638	-11 581	83 313	112 927	-29 614

Alle tal i heile tusen

Det samla resultatet i føretaksgruppa er per februar 2020 kr 43,1 mill., som er kr 11,6 mill. lågare enn budsjettert. Det er alltid stor usikkerheit rundt det økonomiske resultatet for januar og februar. Føretaka rapporterer ikkje like detaljert med omsyn til avsetjingar og periodiseringar dei to første månadane som dei gjer ved dei ordinære periodeavsluttingane. Det er derfor stor usikkerheit knytt til det økonomiske resultatet tidleg på året, og det vil truleg vere først for rapporteringa for mars og april ein vil ha trygghet for at rapporteringa er rimeleg presis.

Helse Vest er i prosess med å innføre eit rapporteringsopplegg for rapportering av økonomiske konsekvensar knytt til covid-19, i samarbeid med dei andre helseregionene. Ein tar sikte på å innarbeide status på økonomisk konsekvens av korona frå og med mars-rapporteringa.

Prognose


Resultatkrav for 2020 er som følger:

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2020	100 000	40 000	120 000	26 000	7 000	1 000	150 000	444 000


Ingen av føretaka har endra si prognose.

Tvang i psykisk helsevern

Figuren / grafen under syner tal tvangsinnleggingar pr. 1000 innbyggjarar i Helse Vest RHF, der kvar graf representerer eit lokalt helseføretak. Tala dekkjer perioden frå og med januar 2019 til og med februar 2020.



Dei same tala kan bli rekna om til årlege gjennomsnitt, då ser biletet slik ut, her perioden 2018-2020:



I Helse Vest var det 8,6 % av pasientane som var innlagt i døgninstitusjon, der det blei fatta minst eitt vedtak om tvang i 2. tert. 2019. Også her ligg Helse Vest høgast i landet, landsgjennomsnittet er 7,2 %.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 29. februar 2020 til etterretning.

Sak 053/20 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. mars 2020

Oppsummering

I føretaksmøte i Helse Vest RHF, onsdag 25. mars 2020, var «Strategi for auka behandlingsskapasitet» under koronabrotet hovudtema. Dei regionale føretaka blir bedne om ein førebels rapportering på planar, status og moglege tiltak for å auka behandlingsskapasitet, 2. april 2020. Endeleg rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet skal vere levert innan 15. april 2020. Oppdraget skal løysast i samarbeid med Helsedirektoratet.

I sak «Strategi for auka behandlingsskapasitet» viser Helse- og omsorgsdepartementet til brev frå Helsedirektoratet til dei regionale føretaka 11. mars, om å setje i verk tiltak for å sikre tilstrekkeleg behandlingsskapasitet i spesialisthelsetenesta under koronabrotet.

16. mars rapporterte dei regionale helseføretaka tal på intensivplassar i helseføretaka og sjukehusa i regionane. I notatet ligg den maksimale kapasiteten innanfor det intervallet som er oppgitt i risiko-, prognose- og responsanalysen av 24. mars frå Folkehelseinstituttet, men godt under det som vert oppgitt som maksimalt behov for talet på intensivplassar i analysen.

Som ei følgje av dette blir dei regionale helseføretaka bedne om å leggje konkrete planar for å møte ein situasjon med behov som oppgitt i risiko-, prognose- og responsanalysen datert 24. mars frå Folkehelseinstituttet, inkludert det maksimale behovet som er oppgitt.

Departementet presiserer i saka at «Alternativ bruk av mellom anna areal og personell vil vere aktuelt, og situasjonen kan gjere det naudsynt å finne løysingar som ikkje gjer det mogleg å oppretthalde same standard som under alminnelege driftsforhold.»

Helse Vest har valt å involvere helseføretaka i arbeidet med oppdraget, og det blei den 27. mars 2020 gjennomført felles føretaksmøte for Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF.

I føretaksmøte blei det lagt til grunn at helseføretaka gjer seg kjende med protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. mars 2020 og for sitt opptaksområde utgreie korleis ein kan møte ein situasjon med behov som oppgitt i risiko-, prognose- og responsanalysen av 24. mars 2020 frå Folkehelseinstituttet.

Det er lagt opp til at arbeidet blir gjennomført i samarbeid med Helse Vest RHF og gjennom samarbeid på tvers av helseføretaka.

Helseføretaka er bedt om å rapportere status og moglege tiltak innan 1. april 2020 og endeleg rapport innan 14. april 2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tar «Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. mars 2020» til etterretting.

Sak 054/20 Årsoppgjer 2019

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 661 516 681 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 584 809 512 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei netto reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på 153 103 302 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt overskot. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapet slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 431 706 210.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 1 811 512 451 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 228 209 218 kroner.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i 2019 balanse i rekneskapen.

Styret stilte krav om eit overskot på 444 millionar kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretaka (millionar kroner):	2019	2018	2017
Helse Bergen HF	58,1	110,8	87,7
Helse Stavanger HF	78,4	76,6	20,5
Helse Fonna HF	31,6	41,5	8,9
Helse Førde HF	43,1	58,5	26,5
Sjukehusapoteka Vest HF	12,7	17,1	14,3
Helse Vest IKT AS	8,4	-5,2	0,6
Helse Vest Innkjøp HF	0	0	-0,5
Helse Vest RHF	431,7	370,2	415,8
Tilknyttta selskap	-2,5	-1,6	2,8
Sum resultat	661,5	667,9	576,6

Resultatet frå føretaksgruppa er 217,5 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om.

Revisjonsutvalet behandla saka i møte 14.05.20 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. *Revisjonsutvalet tar saka til orientering.*
2. *Revisjonsutvalet legg til grunn at ekstern revisors merknad, som gjeld Helse Stavanger, får nødvendig merksemd også frå Helse Vest.*

Styret i Helse Vest RHF legg til grunn at ekstern revisors merknad, som gjeld Helse Stavanger blir lukka innan fristen 31. mai.

Før vedtak i sak 053/20 Årsoppgjer 2019, blei det gjennomført møte mellom revisor Ellen Marvik og styret. Møtet var lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe med dei merknader og kommentarar som kom fram i møtet. Årets overskot i Helse Vest RHF kr 584 809 512 blir ført mot annan eigenkapital med kr 586 597 910, mens kr 1 788 398 blir overført frå fond for vurderingsforskjellar. I resultatet ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretak med kr 153 103 302. Årets overskot i Helse Vest føretaksgruppe kr 661 516 681 blir ført mot annan eigenkapital med kr 665 853 874, mens kr 4 337 194 blir ført frå fond for vurderingsforskjellar
2. Styret vedtok årsberetning med dei endringane som kom fram i møtet.
3. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å foreta mindre, redaksjonelle justeringar i årsrekneskapen med kontantstraumanalyse og noter fram mot føretaksmøtet.

4. Styret legg årsberetninga og årsrekneskapen med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
5. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2020. Jf. note 6 i årsrekneskapen.
6. Styret legg til grunn at ekstern revisors merknad, som gjeld Helse Stavanger blir lukka innan fristen 31. mai.

Sak 055/20 Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2019

Oppsummering

Spesialisthelsetenesta har utarbeidd sin andre felles rapport om samfunnsansvar. Rapporten blir lagt fram for styret til orientering.

I 2017 fekk dei fire regionale helseføretaka følgjande styringsbodskap:

«Det går fram av Meld. St. 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskap at regjeringa forventar at selskap med statleg eigardel arbeider systematisk med sitt samfunnsansvar og er leiande på område. Regjeringa har både generell og meir spesifikke forventningar til selskapa på samfunnsansvarsområdet. Dei spesifikke forventningane er knytte til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon», og med følgjande oppdrag:

«Finne eit hensiktsmessig felles format for dokumentasjon og rapportering av spesialisthelsetenesta sitt arbeid med samfunnsansvar.»

Rapporten gir eit godt grunnlag for å vise oppfølging av området og gir ein hensiktsmessig dokumentasjon av oppdraget. Det er også positivt for omdømme at spesialisthelsetenesta nå kan leggje fram ein felles rapport for samfunnsansvar, og den viser at det blir samarbeidd om felles utfordringar og at samfunnsansvaret blir tatt på alvor i spesialisthelsetenesta.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 056/20 Orientering frå Regionalt brukarutval

Jan Oddvar Gjerde oppsummerte frå møte i Regionalt brukarutval 2. april 2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 057/20 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Brev frå Kreftforeningen – Bekymringsmelding knyttet til kliniske studier – 270320
- Skriv 02 – Brev frå Bufdir – Utsatte barn og unges behov for helsetjenester i en tid med omfattende smittevernstiltak – 279320
- Skriv 03 – Brev frå RHF-a til HOD – Manglende leveranser fra de regionale helseforetakene til Helse- og omsorgsdepartementet som følge av koronautbruddet – 130320
- Skriv 04 – Brev frå RHF-a til HOD – Anmodning om midlertidig bortfall av plikt til registrering av fristbrudd hos HELFO – 170320
- Skriv 05 – Møtereferat frå Regionalt brukerutval – 040320

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Lukka del

Sak 058/12 var u. off. jf. Offl § 23.1.

Saka blei behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a andre ledd nr. 4.

Sak 058/12 B Innstilling til val av revisor

Oppsummering

Helse Vest har ikkje lenger avtale om kjøp av revisjonstenester etter at opsjon for rekneskapsåret 2019 er nytta. Det var difor naudsynt å gå ut på ny anbodsrunde. Denne er no gjennomført i regi av Sykehusinnkjøp HF for alle helseregionane.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tilrår at føretaksmøtet vel BDO AS som føretaksgruppa sin eksterne revisor for rekneskapsåra 2020-2023 med opsjon for rekneskapsåret 2024.

Ref. 15.04.2020 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem